



Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Tilbakebetaling av ubrukt tilskot til kommunalt rusarbeid 2017 – kap 765 post 62 - ref 2015/270 og ref 2015/15195

Vi viser til vårt brev av 17. april 2015 der Radøy kommune fekk tildelt kr 600 000 til stilling som ruskoordinator. I brev av 20. august 2016 godkjende vi at kommunen kunne overføre tilskotet til 2016 grunna vanskar med å rekruttere kvalifiserte søkjarar til stillinga.

Vi viser til vårt brev av 21. desember 2016 med godkjenning av at midlar som ikkje vart nytta i 2016, blei overførte til 2017. Vi føresette at midlane skulle brukast i 2017 til det same tiltaket som dei var gitt til. Det går og fram at 2017 var siste året de fekk overført midlane.

Kommunen har ikkje rapportert i tråd med tildeling av tilskotet, jf. våre brev med referanse 2015/270 og 2015/15195. Rekneskap for bruken av midlane blei etterlyst av fylkesmannen i desember 2018. Vi mottok revisorattestert rekneskap frå dykk 15. januar 2019. Rekneskapen viser at de har nytta kr 429 182 til ruskoordinator i 2017.

I e-post av 24. januar 2019 spør det om det er mogeleg å nytta dei resterande midlane til ruskoordinator som de no har tilsett i full stilling. Tilskot kan søkjast overført i inntil to år, noko Radøy kommune allereie har fått jf. brev av 21. desember 2016.

Vi ber om at Radøy kommune tilbakebetalar kr 170 818 til vårt kontonummer 7694 05 01098. De må merke tilbakebetaling med vår referanse 2015/15195, og kapittel 0765 post 62. Vi ber om at dette blir gjort snarast råd.

Med helsing

Anne Grete Robøle (e.f.)
fagdirektør

Mona Fauskanger
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Radøy kommune v/ Marita Årseth Radøyvegen 1690 5936 MANGER